

Møteinkalling

Utval: **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre**

Møtestad: Opera 2, Alexandra, Loen

Dato: 30.10.2017

Tidspunkt: 14:00

Velkommen til styremøte i Loen!

Møtestart for nasjonalparkstyret er mandag den 30. oktober kl. 14.00 på Hotell Alexandra.

Fagleg rådgjevande utval kjem til det årlege møtet med nasjonalparkstyret kl. 17.00. Vi får god middag seinare på kvelden. På møtet vil Jostedalsbreen nasjonalparkstyre få sjå urpremieren av den nye, flotte nasjonalparkfilmen!

På tysdag den 31. oktober skal vi offisielt opne den nye driftevegen i Erdalen som nasjonalparkstyret har følgt opp sommaren 2017. Hugs å ta med klede tilpassa været, og gode sko, gjerne termos. Nestleiar i nasjonalparkstyret, Sven Flo, held tale, og vi får høre om historia i dalen. Kanskje vi får med ei ku til å opne vegen? Media er invitert.

Styreleiar Ivar Kvalen har førebels meldt avbod til, vara kan heller ikkje stille for Luster. For Sogndal kommune kan heller ikkje Jarle Aarvoll eller vara stille. Frå Fylkeskommunen har Karen Marie Hjelmeseter og frå Jølster har Oddmund Klakegg meldt avbod på dag 2. Eventuelt ytterlegare forfall må meldast snarast til forvaltar. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Vel møtt til fagre Stryn!

Skjermdump fra den nye nasjonalparkfilmen:



Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 24/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 25/17	Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 26/17	Orienterings- og drøftingssakar		
RS 6/17	Jostedalsbreen nasjonalpark - søknad om løyve til helikoptertransport - vedlikehald på bruhaugen i Oldeskaret	2017/3228	
RS 7/17	Haraldsselet på Sunndalssetra gbnr 146 - om veranda og verandadør er i tråd med kommuneplan i Stryn	2017/747	
RS 8/17	Jostedalsbreen nasjonalpark - redning på bre, øving med helikopter - Jostedalen alpine redningsgruppe	2017/2959	
RS 9/17	Fjerning av takutstikk på Kolbeinsselet	2017/970	
RS 10/17	Visit Sognefjord - masterplan for reiselivet i Sogn	2017/3360	
RS 11/17	Jostedalsbreen nasjonalpark - avslutting av sak - vinkelsliping av berg på Sunndalssetra	2016/1754	
RS 12/17	Fråsegn til revidert søknad om dispensasjon fra arealdelen til kommuneplanen for bygging av gangveg og bru, Kleivane - Bredesvedene i Briksdalen	2016/3321	
RS 13/17	Varsel om søknad om løyve til å lage panoramafilm i deler av nasjonalparken	2017/3489	
RS 14/17	Delegert vedtak frå Fylkesmannen i Sog og Fjordane til Bergen turlag for helikoptertransport til Skåla	2017/2814	
RS 15/17	Grenseendring for Jostedalsbreen nasjonalpark ved Kjøsnesfjorden	2012/3590	
RS 16/17	Avgjerd i klagesak - bygging av DNT-hytte på Sundalssetra	2016/641	
ST 27/17	Jostedalsbreen nasjonalpark - ulovlege boltar og kjettingar langs stien til Kattanakken	2017/3618	
ST 28/17	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Ulovleg motorferdsel i samband med idrettsarrangement	2013/3553	
ST 29/17	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til motbakkeløpet Skåla Opp 2018- 2021	2017/3208	
ST 30/17	Jostedalsbreen nasjonalpark - fornøya løyve til landing ved Skålabu 2017-2020 - Bergen og	2017/900	

	Hordaland turlag	
ST 31/17	Jostedalsbreen nasjonalpark - vilkår om vinterstenging av Skålatårnet - Bergen og Hordaland turlag	2013/3607
ST 32/17	Jostedalsbreen nasjonalpark - storselet/turisthytta/ysteriet til G/bnr 17/3 Andersbruket	2017/2023
ST 33/17	Eventuelt	

ST 24/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 25/17 Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll

ST 26/17 Orienterings- og drøftingssakar

RS 6/17 Jostedalsbreen nasjonalpark - søknad om løyve til helikoptertransport - vedlikehald på bruа i Oldeskaret

RS 7/17 Haraldselet på Sunndalssetra gbnr 146 - om veranda og verandidør er i tråd med kommuneplan i Stryn

RS 8/17 Jostedalsbreen nasjonalpark - redning på bre, øving med helikopter - Jostedalen alpine redningsgruppe

RS 9/17 Fjerning av takutstikk på Kolbeinsselet

RS 10/17 Visit Sognefjord - masterplan for reiselivet i Sogn

RS 11/17 Jostedalsbreen nasjonalpark - avslutting av sak - vinkelsliping av berg på Sunndalssetra

RS 12/17 Fråsegn til revidert søknad om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen for bygging av gangveg og bru, Kleivane - Bredesvedene i Briksdalen

RS 13/17 Varsel om søknad om løyve til å lage panoramafilm i deler av nasjonalparken

RS 14/17 Delegert vedtak frå Fylkesmannen i Sog og Fjordane til Bergen turlag for helikoptertransport til Skåla

RS 15/17 Grenseendring for Jostedalsbreen nasjonalpark ved Kjøsnesfjorden

RS 16/17 Avgjerd i klagesak - bygging av DNT-hytte på Sundalssetra



Arkivsaksnr: 2017/3618-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 20.10.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	27/17	30.10.2017

Jostedalsbreen nasjonalpark - ulovlege boltar og kjettingar langs stien til Kattanakken


Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre melder den/dei som har utført den omfattande boltinga med kjettingar langs stien til Kattanakken, til politiet. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre opprettar i tillegg rettingssak, jf. naturmangfaldlova si § 69, når tiltakshavar er funnet.

Bakgrunn

Stien frå Briksdalen og opp til Kattanakken i Stryn kommune er ei gammal og historisk oppgang til Jostedalsbreen. Mange meiner at det er den flottaste oppgangen i heile verneområdet. Stien startar på ca 140 moh og ein når toppen på ca 1440 moh. Det har ikkje vore tilrettelegging på denne vandreruta, anna enn generell stirydding langs traseen og raudmerking. Raudmerkinga stopper på eit utkikkspunkt over Oldedalen (merkt med punkt 1 på kartet på neste side), og dei fleste turgåarar snur der og går ned att. Turen er berre for røynde turgåarar, og er merkt med vanskegrad svart. Det er eit ønskje frå fleire hald å leggje betre til rette betre langs stien.

På synfaring i Jostedalsbreen nasjonalpark den 25. august 2017 oppdaga nasjonalparkforvaltaren to stader mot toppen av stien mot Kattanakken med ulovlege inngrep. Det var borra i berget langs stitraseen og satt inn boltar med kjetting. Tiltaket er ikkje omsøkt. Truleg har inngrepet blitt utført sommaren 2017 eller 2016.



På den første lokaliseringa (merkt 2 på kartet) på ca 1160 moh var det fire boltar og ca 5 meter med kjetting (sjå biletene 2a og 2b).




Bilete 2a.




Bilete 2b.



Den andre staden med inngrep var litt lenger opp mot toppen, ca 1200 meter over havet. Der var det 5 boltar og ca seks meter med kjetting. På biletet 3b er det lagd to ulike hol på same sted.



Bilete 3a.



Bilete 3b.



Bilete 3c.

Lovgrunnlag

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er i forskrifta datert den 25. oktober 1991 omtala slik:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap



I Jostedalsbreen nasjonalpark er landskapet verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetjing av bygningar, gjerde og anlegg, bygging av vegar, bergverksdrift, regulering av vassdrag, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, drenering og anna form for tørrlegging, framføring av luft- og jordleidninger, nydyrkning, bakkeplanering, nyplanting, bygging av bruer og klopper, merking av stigar og løyper o.l. Opplistinga er ikkje uttømmande. (verneforskrifta § IV, punkt 1.1).

I vedtekten til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, datert den 7. september 2015, kapittel 8 under styret sine oppgåver, står følgjande:

8.5 Brot på naturmangfoldlova/verneforskrifta, rapportar og melding til politiet:

Styret har som forvalningsstyresmakt eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at alle brot på verneforskrifta som styret får kjennskap til blir rapportert/meldt til politiet dersom det er grunn til å anta at forholdet er straffbart.

Kopi av melding til politiet/rapport, samt avgjerd frå politiet skal sendast Fylkesmannen og Miljødirektoratet. Der administrative sanksjoner er aktueltjf naturmangfoldloven kap. IX, skal styret sende over ein rapport om forholdet til Fylkesmannen - med kopi til Miljødirektoratet.

Nasjonalparkforvaltaren har søkt råd hos juristar sentralt i miljøforvaltninga i Trondheim, og dei tilrår å melde denne saka til politiet. Eit liknande inngrep med bolting i Breheimen var meldt av SNO på tilsvarende måte. Nasjonalparkstyret vil kunne påleggje retting etter naturmangfoldlova § 69 til gjerningspersonane for å fjerne tiltaket. Tiltaket har heller ikkje særleg god utføring, tiltaket på punkt 2 er ikkje lagt godt nok i terrenget, og forvaltar er usikker på om eit ikkje-kvalifisert tiltak som dette kan føre til falsk tryggleik for dei som går ruta.



Arkivsaksnr: 2013/3553-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 19.10.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	28/17	30.10.2017

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Ulovleg motorferdsel i samband med idrettsarrangement

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre melder Skåla Opp og det aktuelle helikopterselskapet til politiet for ulovleg helikopterferdsle før og etter motbakkeløpet i 2017.

Bakgrunn

I vedtekten til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, datert den 7. september 2015, kapittel 8 under styret sine oppgåver, står følgjande:

8.5 Brot på naturmangfoldlova/verneforskrifta, rapportar og melding til politiet:

Styret har som forvalningsstyresmakt eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at alle brot på verneforskrifta som styret får kjennskap til blir rapportert/meldt til politiet dersom det er grunn til å anta at forholdet er straffbart.

Kopi av melding til politiet/rapport, samt avgjerd frå politiet skal sendast Fylkesmannen og Miljødirektoratet. Der administrative sanksjoner er aktueltjf naturmangfoldloven kap. IX, skal styret sende over ein rapport om forholdet til Fylkesmannen - med kopi til Miljødirektoratet.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har tidlegare meldt to tidlegare forhold til politiet for ulovleg motorferdsle. Det eine tilfellet var ein løyveinnehavar som landa på breplatået, sjølv om løyvet utelukkande gjaldt lågtflyging. Det andre tilfellet var ein løyveinnehavar som flaug på eit sårbart tidspunkt og ein sårbar lokalitet utan å melde i frå til SNO, og som uroa mange friluftsutøvarar.

I utkastet til forvalningsplanen for Jostedalsbreen har styret handsama kapittelet om motorferdsle. Om ulovleg motorferdsle seier planen:



Ulovleg motorferdsel innanfor grensa til nasjonalparken vil bli vurdert meldt til politiet. Dette gjeld a) folk som gjennomfører motorferdsel utan løyve fra nasjonalparkstyret eller b) folk som bryt eitt eller fleire vilkår i løyve gitt av nasjonalparkstyret. Den som først får reie på ulovleg motorferdsel skal vurdere å melde det til politiet, anten det er nasjonalparkstyret eller Statens Naturoppsyne.

I utkastet til forvaltningsplanen står også følgjande:

Forvaltningsmål

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har som mål å halde omfanget av motorferdsel i verneområdet så låg som mogeleg, og avgrense bruken til eit absolutt minimum. Omfanget av motorferdsel skal ikkje auke over tid.

Om den aktuelle saka:

Dokument i saka:

- Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Vedtekten til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre datert september 2015
- Utkast til forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Løyvet til Skåla Opp 2014 – 2017
- Rapport frå Skåla Opp 2017, og tilleggsopplysningar til rapport om Skåla Opp 2017
- E-postutveksling mellom forvaltning og Skåla Opp

Skåla Opp er eit motbakkeløp som har foregått sidan 2002, og som gradvis har auka i storleik til dagens nivå på om lag 2000 personar. I utgangspunktet er idrettsarrangement forbode innanfor vernegrensa, men arrangementet har fått fireårige dispensasjonar frå forskrifta. Løyvet inneholder både dispensasjon for sjølvé idrettsarrangementet, samt for motorisert ferdslle for å kunne frakte vatn og sikringsutstyr med helikopter. Løyvet har spesifisert ei (1) landing ila dei fem dagane før løpet, og ei (1) landing ila dei fem dagane etter løpet. Skåla Opp har aldri klaga på talet landingar med helikopter, og er vel kjent med at dei kan søkje om fleire landingar dersom det er naudsynt.

Eitt av vilkåra i løyvet er at Skåla Opp skal sende ein kort rapport frå årets løp. I rapporten frå 2017, datert den 13. september, står det at dei flaug opp med materiell den 14. august og ned att med materiell den 24. august. I tilleggsrapport datert 13.09 er følgjande opplyst i e-post: *Vedrørande oppføring: Først må mannskap opp for å kunne ta imot. Deretter tre løft opp, derav eit løft til Skålavatnet. Mannskap ned. Vi har ikkje hatt noko helikopter i lufta under arrangementet. (...)*

Forvaltar orienterer til arrangøren i e-post datert 2.10 at den rapporterte motorferdsela overskrid det løyvde tal turar, og same dag svarar arrangøren:

Hei

Det får vi beklage. Det blir vanskeleg å gjennomføre dersom hjelpemannskapet på fire personar må gå opp og ned til Skåla, ved ustabilt skydekke tar det av og til fleire dagar før vi kan gjennomføre opp og eller nedføyking. Det har heller ikkje vore mogleg å få med all last på eit løft på grunn av høgda vi ferdes i. Vi håper på forståelse for at dette er beste måte å førebu og rigge ned etter gjennomført arrangement på.



Forvaltar vurderer at minimum 10 landingar med helikopter er eit klart brot på løyvet. Å flyge opp eins ærend med mannskap for å ta i mot materiell er ikkje innanfor løyvet. Løyvet spesifiserer at ein kan flyge opp vatn, sikringsutstyr, med meir (t.d. aggregat, pledd, tidsakningsutstyr, etc). Arrangøren kjenner godt til regelverket.

Flyging med helikopter i august månad over Skåla er i tillegg svært uroande for det aukande friluftslivet. Når turgåarar kjem til Jostedalsbreen nasjonalpark forventar dei stillheit og naturoppleving. Friluftsliv er eitt av føremåla i nasjonalparken. I 2016 registrerte ferdselsteljaren vår 13 000 passeringar på Skåla, og august var den travlaste månaden.

Det er eit poeng at helikopterselskapet også blir meldt for brot på forskrifta. Helikopterselskapa har eit sjølvstendig ansvar for å passe på at oppdragsgjevarar har løyve for å fly i utmark generelt og i verneområde spesielt. Å rette merksemd på dette, vil kunne ha ein førebyggjande effekt i framtida.



Arkivsaksnr: 2017/3208-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 06.10.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	29/17	30.10.2017

Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til motbakkeløpet Skåla Opp 2018- 2021

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova si § 48 gjev Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til vidareføring av idrettsarrangementet Skåla Opp frå og med 2018 til og med 2021 på følgjande vilkår:

1. Maksimalt tal deltakarar i konkurransklassen skal ikkje overstige 800 deltakarar.
2. Deltakarane skal følge den tilrettelagde stien. Arrangøren gjev tydeleg informasjon til deltakarane om dette, og legg til rette med ei startordning som sikrar at det ikkje vert starta fleire samtidig enn at deltakarane kan halde seg på stien. For å hindre unødig terrengslitasje er det ikkje lov å bruke sko med metallpiggar eller stavar.
3. Deltakarane skal på førehand bli informert om at løpet går i Jostedalsbreen nasjonalpark og kva reglar som gjeld, mellom anna for forsøpling. Arrangøren er ansvarleg for at forsøpling ikkje skjer. Etter at arrangementet er gjennomført, skal stien/traseen bli gått over same dag og ev søppel fjernast.
4. Reklame skal ikkje plasserast inne i nasjonalparken. Eventuell speakerteneste i målområdet skal avgrensast til nødvendig informasjon om løpet. Lydnivået bør vere lågt for å unngå unødig støy.
5. Ei landing (1) innanfor nasjonalparkgrensa med helikopter for frakt av vatn, sikringsutstyr, og anna naudsynt utstyr for gjennomføring av løpet i løpet av dei fem vekedagane før arrangementet og ei landing (1) i løpet av dei fem vekedagane etter arrangementet. Løyvet gjeld ikkje helgedagar, og gjeld ikkje persontransport.
6. Det skal skrivast ein årleg rapport som sendast til nasjonalparkforvaltninga v/ sekretariatet innan 15. september. Rapporten skal beskrive gjennomføringa av arrangementet, og i tillegg tal deltakarar, frivillige, tidspunkt for helikopterferdsla,



korleis arrangøren ser til at alle føl stien, samt annan relevant informasjon. Når rapporten er godkjent og eventuell ytterlegare informasjon er innhenta om terrenget og stien, kan neste års påmelding bli opna.

7. Stien skal vere i like god stand som før løpet, og ev lause trappetrinn og steinar skal reparerast innan to veke etter arrangementet. Nasjonalparkstyret kan endre og/eller gje pålegg om andre vilkår dersom det er nødvendig av omsyn til sti, natur og miljø, jf. naturmangfaldlovas §§ 9-11.

I og med at Bergen turlag eig Skålataånet går vi ut i frå at arrangøren og turlaget har dialog om bruken av bygningsmassen i samband med arrangementet. Det same gjeld grunneigarane som har eide dom der løpet passerer. Vi sender difor kopi av løyvet til Bergen og Hordaland turlag og til grunneigarane.

Saksopplysningar

Søknaden

Søknaden datert den 13. september 2017 er underteikna Skåla Opp v/ Erik Brendefur, som sender søknaden på vegner av samarbeidspartane Hotel Alexandra, Loen Active og Loen Idrettslag. Motbakkeløpet «Skåla 1848 meter rett opp» har tidlegare fått løyve frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre for perioden 2014-2017, samt frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane for åra 2009-2013 (brev av 24.09.2008), åra 2006-2009 (brev av 14.10.2005) og for åra åra 2002-2005 (brev av 21.01.2003). I perioden 2009-2013 vart øvre grense for tal deltagarar i konkurranseklassa auka i fleire omgangar, frå 600 (2009) til 700 (2010) og til 800 (2011).

Skåla Opp er eit mosjonsløp som har blitt arrangert sidan 2002. Arrangementet vil ha om lag same oppsett som tidlegare år, med start utanfor nasjonalparken ved Tjujen i Loen, og med mål ved Skålataånet turisthytte 1843 moh (sjølvbetjeningshytte, eigd av Bergen Turlag). Nasjonalparkgrensa går ved Sjinglebrua, like nedanfor tregrensa. Løpet føl same rute opp og ned. Området løpet går i er, i eksisterande forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark, definert som brukssone.

Olden Røde Kors hjelpekorps stiller opp med beredskap under arrangementet. I tillegg er det mange frivillige som deltar i funksjonærstaben. Tidlegare år har tal funksjonærar vore omlag 150 - 200 personar. I søknaden for neste periode er tal funksjonærar oppgitt til å være omlag 180 personar.

Datoen for 2018 er allereie satt til den 18. august, og løpet opnar for påmelding når Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har gitt løyve til ei ny fireårs-periode. Dei kommande åra planlegg arrangøren at Skåla Opp skal gå føre seg den siste helga før skulestart.

Søkjar skriv også at motbakkeløpet er eit godt tiltak for mange menneske: «*Vi meiner denne type arrangement styrker folkehelsa og motiverer mange til å leggje ned utallige treningsstimar gjennom året for å best mogeleg kunne gjennomføre Skåla Opp! Vi ønskjer å halde fram og jobbe ut i frå same oppsett som tidlegare år, og søker om løyve til å frakte opp utstyr veka før løpet og ned igjen veka etter. Her tenkjer vi først og fremst på*



arrangementsutstyr som eit par aggregat, tidtakingsutstyr, 600 l vatn, deltagarmedaljar, sikringsnett, oppmerkingsutstyr som målsegel etc, samt eit telt til bruk ved innkomst, tidtaking og innkvartering frå fredag til laurdag. Reint praktisk vil det vere snakk om mannskap opp, tre eller fire løft opp med utstyr og mannskap ned, så totalt seks flygningar derav to landingar for av og påstigning.

For framtidige arrangement håper og reiknar vi med deltakarantal på mellom 1200 og 2000 deltakarar inkludert mosjonistar. Vi ønskjer å behalde det maksimale deltakarantalet på 800 konkurranseløparar.»

Ein stor del av utstyret som trengst for å gjennomføre arrangementet, er så omfattande at det må fraktast med helikopter. Det vert søkt om totalt seks landingar i løpet av veka før løpet, samt tilsvarende helikoptertransport i løpet av veka etter løpet.

Søkjar ønskjer eit løyve for dei neste fire åra; frå og med 2018 til og med 2021. Under er ei oversikt over tal deltakarar som har fullført motbakkeløpet sidan 2002:

2017: Konkurranseklasses (680 deltakarar) og mosjon (621 deltakarar), totalt 1301 fullførande
2016: Konkurranseklasses (605 deltakarar), BMI (1 deltakar), mosjon (623 deltakarar) - totalt 1229
2015: Konkurranseklasses (756 deltakarar), BMI (3 deltakarar), mosjon (961 deltakarar) totalt 1720
2014: Konkurranseklasses (785 deltakarar), mosjon (1150 deltakarar) - totalt 1935 fullførande
2013: Konkurranseklasses (732 deltakarar), mosjon (1074 deltakarar) - totalt 1806 fullførande
2012: Konkurranseklasses (720 deltakarar), mosjon (1060 deltakarar) - totalt 1780 fullførande
2011: Konkurranseklasses (627 deltakarar), mosjon (1087 deltakarar) - totalt 1714 fullførande
2010: Konkurranseklasses (669 deltakarar) mosjon (1061 deltakarar) - totalt 1730 fullførande
2009: Konkurranseklasses (600 deltakarar), mosjon (920 deltakarar) - totalt 1520 fullførande
2008: Konkurranseklasses (544 deltakarar), mosjon (937 deltakarar) - totalt 1481 fullførande
2007: Konkurranseklasses (525 deltakarar), mosjon (645 deltakarar) - totalt 1170 fullførande
2006: Konkurranseklasses (514 deltakarar), mosjon (766 deltakarar) - totalt 1280 fullførande
2005: Konkurranseklasses (446 deltakarar), mosjon (574 deltakarar) - totalt 1020 fullførande
2004: Konkurranseklasses (427 deltakarar), mosjon (482 deltakarar) - totalt 909 fullførande
2003: Konkurranseklasses (297 deltakarar), mosjon (393 deltakarar) - totalt 690 fullførande
2002: Konkurranseklasses (147 deltakarar) mosjon (213 deltakarar) - totalt 360 fullførande

Historikk

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har i tidlegare løyve ikkje satt tak for tal deltakarar i mosjonistklassen. I løyvet datert 24.09.2008 står det mellom anna: «*Løyvet er gjeve på vilkår av at deltakartalet skal ikkje overstige 600 i konkurranseklassen. Talet kan endrast etter avtale med fylkesmannen. Inntil vidare vert det ikkje sett tak i mosjonistklassa.*» I løyvet står det vidare under bakgrunnsinformasjon: «*For framtida reknar ein med kring 1000-1200 deltakarar totalt.*».

Då Fylkesmannen hadde forvaltningsmynde vart taket på tal deltakarar i konkurranseklassen auka jamnleg, mykje på grunn av det kontinuerlege forbetningsarbeidet på stien. Arrangøren skriv at dei ønskjer å halde på max-talet på 800 i konkurranseklassen, for å halde på det eksklusive preget. Det er ikkje foreslått tak i mosjonistklassen. På det meste, i 2014, var det i underkant av 2000 fullførande løparar, alle klasser inkludert. Jf. arrangøren fell ca 20-25% vekk av dei som er påmeldt. Difor kan ein ofte sjå at det er påmeldt over 1000 i konkurranseklassen, men det har aldri vore fleire enn 785 personar som har fullført.



Motbakkeløpet «Skåla 1848 meter rett opp» er eit arrangement som samlar store delar av Loen-bygda og andre i Stryn gjennom ein felles dugnad. Når påmeldinga til neste års løp blir opna, blir det fylt opp i løpet av få dagar, noko som seier at løpet er særslig populært.

Skåla Opp går neste år inn sitt 18. år, og kan da kallast å vere eit veletablert arrangement. Løpet er truleg det største av sitt slag i norske nasjonalparkar. Det blir arrangert motbakkeløp i Jotunheimen, Breheimen, og andre verneområde også, men då i mindre skala, og styra der har gitt avslag i bruk av motorisert ferdsel for frakt av utstyr.

Fylkesmannen har tidlegare gitt løyve til landing med helikopter i samband med arrangementet med heimel i verneforskrifta pkt. IV, 4.3, og gav løyve til ei (1) landing før og ei (1) landing etter løpet, noko også nasjonalparkstyret har gitt løyve til dei siste to fire-årsperiodane. Nasjonalparkstyret har heimla motorferdsleløyvet i naturmangfaldlova si § 48. Andre motbakkeløp i verna område, t.d. Bessegglopet og på Sjunkhatten har ikkje løyve til motorferdsel, med mindre det er naudsynt av medisinske årsakar.

Om lag 4,2 millionar kroner har, via bestillingsdialogen, vore brukt på steinlegging av stien for å kunne tolke mange menneske utan å slite for mykje på terrenget. Stien opp til Skåla har, også på regionalt og nasjonalt plan, blitt eit godt kjent tilretteleggingstiltak for friluftsliv i verna område. Ein delegasjon fra naturvernmyndet i Sverige var eins ærend til Skåla for å tilegne seg kunnskap om bruk av Stein i tilrettelegging for ferdse.

Lovgrunnlag

I verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark heiter det at *"idrettsarrangement og jaktprøver i nasjonalparken er forbode"* (verneforskrifta pkt. IV, 6.1, 2. avsnitt). Det er ingen heimel i verneforskrifta for dispensasjon for idrettsarrangement. Tidlegare løyve frå Fylkesmannen har vore heimla i verneforskrifta punkt IV, som no er erstatta av naturmangfaldlova si § 48, og skal handsamast som ein generell dispensasjonssak frå vernevedtaket.

Formålet med Jostedalsbreen nasjonalpark er

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleveling gjennom naturoppleveling av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap (verneforskrifta pkt. III)

I nasjonalparken er motorferdsel, også landing med luftfartøy forbode (verneforskrifta pkt. III, 4.1). Dropp av utstyr med langline vert definert som motorferdsle i nasjonalparken. I tråd med naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerd korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Søknaden må handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova som erstattar pkt. VI i verneforskrifta, og både idrettsarrangementet og motorferdsela er heimla der. I naturmangfaldlova § 48 står det at *«forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke*



verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig. (...) I dispensasjon etter første ledd skal begrunnen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.»

Vurdering

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark punkt III og IV
- Naturmangfoldlova §§ 7, 8, 9, 10, 11, 12 og § 48.
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Den prinsipielle vurderinga i høve til idrettsarrangement i nasjonalparken vart teke då Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gav det første løyvet i 2002, og vil ikkje bli revurdert. Vurderinga vil derfor i hovudsak gå på korleis effekt vidareføringa av dispensasjonen har for verneverdiene sitt første og andre strekpunkt. Forvaltar vurderer løpet til å ikkje gå ut over naturmangfaldet så lenge alle deltagarane følgjer den steinlagde stien (verneføremålet, 1. strekpunkt.). Den prinsipielle avgjerda om å løyve helikopter til frakt av materiell vart også teken av Fylkesmannen, sjølv om nyare motbakkeløp har fått avslag i sine ønskje om dette.

Omsynet til andre friluftsutøvarar (verneføremålet, 2. strekpunkt) er meir usikkert. Dersom nokon kjem til området den aktuelle løpsdagen for å gå tur, oppleve stillheit og ro i nasjonalparken, vil dei truleg bli overraska. Men sidan motbakkeløpet har vore arrangert sidan 2002, er i alle fall lokalbefolkninga godt kjent med arrangementet og vil kunne finne ro og naturoppleveling andre plassar i nasjonalparken enn akkurat der den dagen. Det er meir usikkert korleis regionale/nasjonale/internasjonale nasjonalparkbesökande (som ikkje veit om arrangementet på førehand) vil reagere. I rapporten «*Bruk og brukere i Jotunheimen 1992, 2002 og 2010*» – rapport nr. 7/2011 står det mellom anna at kun 8 % av besökande til Jotunheimen ville stille seg positive til idrettsarrangement i verneområdet (67 % negative og 25 % usikre). Sjølv om dette er ein annan nasjonalpark, og er ein veldig generell undersøking, vil ikkje forvaltar utelukke at dette kan ha ein relevans også for Jostedalsbreen nasjonalpark. Brukarundersøkinga i Jostedalsbreen sommaren 2017 kan truleg gje betre svar på dette til neste gong styret skal vurdere løyvet i 2022.

Vilkår er satt i løyvet, t.d. for at alle merkeband, søppel og andre spor av løpet skal fjernast same dag som løpet er ferdig. Erfaringa frå dei siste fire åra har vist at det legg att merkestaker, plastband, med meir lenge etter løpet. I eitt tilfelle var det gjøymt mange stenger og band på to-tre ulike plassar i fjellet. Dette bør ha vore eit eingongstilfelle.

Løyvet opnar også for å kunne revurdere tal deltagarar dersom påverknaden blir for stor (§ 11). Med vilkår og tett dialog vil likevel forvaltar vurdere at påverknaden motbakkeløpet har på «utøving av tradisjonelt friluftsliv» har liten nemneverdig konsekvens for verneføremålet sitt 2. strekpunkt *utover* dagen løpet vert arrangert.

Kor mange løparar terrenget toler er eit vanskeleg skjønsspørsmål, jf verneføremålet 1. strekpunkt. Det er særskilt avhengig av kva slags vêr som er dominerande på løpsdagen; med regn vil terrenget tolte langt færre løparar enn ved opphaldsvêr. Det er også heilt avhengig av om løparane føl den steinlagde stien, eller går på vegetasjonen. Utfordringa er at mange deltagarar ikkje føl stien, spesielt når løpet er ferdig på toppen og dei skal gå nedover.



Naturmangfaldlovas § 11 (*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*) gjev heimel for å krevje medverknad ved eventuelt behov for reparasjon av terreneskader som følgjer av arrangementet, noko som også er opna for gjennom vilkår i løyvet.

Fylkesmannen skreiv i løyvet frå 2008 at «i framtida» reknar dei med at løpet ikkje blir større enn 1000-1200 deltagarar, men det har auka meir enn til det doble i tal personar på stien denne dagen. Etter toppåret i 2014 har likevel totalt tal deltagarar blitt noko redusert. Forvaltar vurderer at det er positivt for terrengritasjen at løpet får eit noko mindre omfang enn det hadde i 2014 (§ 10), og vil også kunne revurderast av nasjonalparkstyret ila dispensasjonsperioden (§ 9). Då Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gav løyve til motbakkeløpet i førre fireårs-periode, var styret av ei klår oppfatning at det ikkje skulle være eit tak på mosjonistklassen.

Området mellom Sjinglebrua og vatnet er den mest sårbare vegetasjonsonna, og består mest av lyng-, gras- og mosevekstar. Når ein reknar både opp- og nedturen blir det kring 3000 par føter, ved å telje konkurranse- og mosjonistdeltakarar og funksjonærar til saman. Når løparar har nådd toppen og skal ned att vil mange deltagarar møte kvarandre i nettopp dette utsette området og skape ein påverknad (jf § 10). I vilkåra skal neste års påmelding ikkje opne før SNO/forvaltar har vurdert påverkinga på stien. Statens naturoppsyn v/ Rune Holen synfarte stien både før og etter løpet sommaren 2017. Det var godt vær og hans vurdering var at slitasjen på stien ikkje vart signifikant større etter løpet, samanlikna med før løpet, sjå biletet. Slitasjen på stien på biletet skuldast ei generell auke av folk til Skåla gjennom heile sommaren.



Slik såg stien ut før Skåla Opp 2017.



Slik såg stien ut etter Skåla Opp2017.



Andre motbakkeløp i verneområde har, så vidt forvaltar kjenner til, ikkje løyve til motorisert ferdslle for frakt av utstyr til målområdet, og funksjonærane bærer opp alt naudsynt utstyr. Storleiken, historia og forholda på toppen av Skåla talar likevel for eit løyve. Det er mellom anna vanskeleg å skaffe store mengder vatn ved Skålatarenet, noko som sjølvsagt er viktig for løparane å få i seg.

Arrangøren har tidlegare fått løyve til ei (1) landing ila dei fem vekedagane på kvar side av løpet, men ikkje på løpsdagen. Flyging på helgedagar vil medføre uroing for det generelle friluftslivet i større grad, og vert i utgangspunktet ikkje gitt i nasjonalparken (jf. nml §§ 10 og 12).

Det har vore presisert i tidlegare løyve at det kun er løyve til ei (1) landing før og ei landing etter løpet, men rapporten frå 2017-løpet synte at arrangøren braut dette vilkåret, og flaug om lag 10 gonger. Nasjonalparkstyret får denne saka til vurdering separat frå det fire-årige løyvet til motbakkeløpet, men har tidlegare meldt slike sakar til politiet.

Erfaringane frå dei siste fire åra er at Skåla Opp ikkje har rydda godt nok etter seg etter løpet, samt floge med helikopter ulovleg. Ut i frå ei samla vurdering tilrår likevel nasjonalparkforvaltaren å fornye dispensasjonen frå verneforskrifta fordi arrangementet er viktig for lokal identitet og næringsaktivitet. Forvaltaren innstiller å auke tal helikopterlandingsar i nasjonalparken til to landingsar før og to landingsar etter løpet, men avslår det fulle tal turar som Skåla Opp søker om (opp mot 12 turar). Ein må kunne forvente at eit idrettsarrangement i ein nasjonalpark sender opp mannskap gåande for å ta i mot helikopterdropp. Ein kan også forvente at idrettsarrangementet tilpassar drifta si og finn tekniske løysingar for å minimere den motoriserte ferdsla. Forvaltninga kan ikkje sjå årsakar til at det i år var naudsynt med seks turar før og det same etter løpet når det tidlegare har gått fint med ei landing før og ei landing etter.



Arkivsaksnr: 2017/900-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 20.10.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	30/17	30.10.2017

Jostedalsbreen nasjonalpark - fornya løyve til landing ved Skålabu 2017-2020 - Bergen og Hordaland turlag

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve til Bergen og Hordaland turlag for ytterlegare to turar (2) med helikopter pr. år, i tillegg til dei seks årlege turane som turlaget har i fireårs-perioden 2017 - 2020. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre endrar også perioden som turlaget har høve til å fly, til innanfor den same fireårs-perioden. Bergen og Hordaland turlag fordeler dei åtte turane mellom vår og haust ut i frå eigne vurderingar.

1. Løyvet gjeld inntil åtte landingar/dropp med helikopter ved Skålabu, traseen skal følge kortaste veg via Breng i Lodalen til Skålabu.
2. Løyvet gjeld månadene mai og oktober/november kvart av åra 2017 - 2020, utanom laurdagar, sundagar, heilagdagar og offentlege fridagar.
3. Løyvet gjeld for transport av ved, gass, proviant og anna naudsynt utstyr for drift av hytta. Dersom det trengs folk til å ta i mot underhengande last frå helikopteret, må disse ev flygast opp innan den same ramma på åtte turar.
4. Helikoptertransporten skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt, og være mest mogeleg konsentrert i tid. Om mogeleg, bør flyginga gå føre seg tidleg på föremiddagen eller sein på ettermiddagen.
5. Under helikoptertransporten skal det takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området.
6. Statens naturoppsyn ved Anne Rudsenget (mob: 95963888) eller nasjonalpark-forvaltaren (mob: 93664256) skal varslast seinast dagen før planlagt flyging.
7. Løyve til helikoptertransport skal takast med under transporten.
8. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding innan 1.desember kvart år løyvet gjeld om gjennomført helikoptertransport. Rapporten skal skildre tal hiv, dato, kva som vart transportert og ev andre observasjonar.

Vi gjer merksam på at de i tillegg til dette løyvet må ha løyve til motorisert ferdsel frå Stryn kommune, samt grunneigar.



Jostedalsbreen nasjonalparkstyre avslår med dette søknaden å nytte laurdagar, sundagar, laurdagar og offentlege fridagar til flyging, av omsynet til friluftslivet, og gir heller ikkje løyve til å fly i juni, juli og august.

Saksopplysningar

Bergen og Hordaland turlag søker på nytt om eit fireårig løyve til helikoptertransport til Skåla. Søknaden er datert den 5. september 2017. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre handsama ein søknad om fireårig helikopterløyve for seks månader sidan, i styremøte den 24.04.17, sjå saksprotokoll frå møtet:

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 24.04.2017

Handsaming i møte

Nasjonalparkstyret diskuterte om dei skulle utvide flygeperioden utover hausten, slik at turlaget ev kunne fly etter sesongen for å etterfylle ved eller ta ned toalettavfall. Einar Målsnes og Sven Flo meinte at turlaget burde få innvilga det dei hadde søkt om (6 turar ila mai, juni, juli), og ikkje utvide løyvet utan at turlaget hadde søkt om dette. Jarle Aarvoll sa at styret måtte forvente at Bergen og Hordaland turlag oppfylte alle vilkåra denne perioden. Dersom det blir trond for å endre på rammeløyvet, må det takast opp som eiga sak til styret. Fleirårige løyve er ikkje delegert til sekretariatet.

Samrøystes vedteke.

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev Bergen og Hordaland turlag løyve til lågtflyging og helikopterlanding ved Skålabu, med heimel i verneforskrifta kap. IV, pkt. 4.3, 2. strekpunkt, på følgjande vilkår:

9. Løyvet gjeld inntil seks landingar/dropp med helikopter ved Skålabu, traseen skal følge kortaste veg via Breng i Lodalen til Skålabu.
10. Løyvet gjeld for perioden 1. mai til 31. juli kvart av åra 2017 - 2020, utanom laurdagar, sundagar, heilagdagar og offentlege fridagar.
11. Løyvet gjeld for transport av ved, gass, proviant og anna naudsynt utstyr for drift av hytta. Dersom det trengs folk til å ta i mot underhengande last frå helikopteret, må disse ev flygast opp innan den same ramma på seks turar.
12. Helikoptertransporten skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt, og være mest mogeleg konsentrert i tid. Om mogeleg, bør flyginga gå føre seg tidleg på föremiddagen eller sein på ettermiddagen.
13. Helikoptertransporten bør kombinerast med anna transport til Skåla (t.d. Skåla Opp).
14. Under helikoptertransporten skal det takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området.
15. Statens naturoppsyn ved Anne Rudsgen (mob: 95963888) eller nasjonalpark-forvaltaren (mob: 93664256) skal varslast seinast dagen før planlagt flyging.
16. Løyve til helikoptertransport skal takast med under transporten.
17. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding innan 1.november kvart år løyvet gjeld om gjennomført helikoptertransport. Rapporten skal skildre tal hiv, dato, kva som vart transportert og ev andre observasjonar.



Vi gjer merksam på at de i tillegg til dette løyvet må ha løyve til motorisert ferdse fra Stryn kommune, samt grunneigar.

I saksutgreiinga i sak 13/17 stod følgjande:

Bergen og Hordaland turlag v/hyttedriftsansvarleg Marit Djupvik søker om løyve til motorisert ferdse i samband med drift av Skålabu i åra 2017 - 2020. Dei har behov for transport av ved, gass, proviant og utstyr, samt retur av toalettavfall, boss og tomgods, og søker om helikoptertransport i perioden 1. mai til 31. juli. Turlaget gjennomfører normalt hovudtransporten i perioden mai-juni, og skriv at dei kan trenge ein tur til seinare for å etterfylle med ved.

Bergen og Hordaland turlag søker om inntil seks turar per år. Når det blir brukt hengande last tillt ikkje helikopterselskap passasjerar, og det er difor behov for å kunne nytte delar av løyvet til for persontransport i forkant av frakta av provianten. Drifta av turisthytta er basert på dugnad, og dei er avhengig av å ha eit mottaksapparat på toppen. Det har tidligare vore forvaltningspraksis at dei har fått løyve til persontransport som ein del av transportløyvet til drift av Skålatarenet. Bergen og Hordaland har i fleire periodar tidlegare fått løyve til å fly proviant og ved til Skåla, og tal landingar/dropp har tidlegare også vore om lag på det omsøkte nivået.

I 2015 gav Jostedalsbreen nasjonalparkstyre dispensasjon frå byggeforbodet i verneforskrifta til Bergen og Hordaland turlag. Grunna store utfordringar med å ta vare på Skålatarenet vinterstid, med stadig oppvarming/nedkjøling og tilhøyrande frostsprenging i den gamle muren, samt krav om ei sikringshytte i tilfelle brann/gassutslepp eller liknande i tårnet, fekk turlaget løyve til å bygge ei hytte ved sidan av tårnet. Hytta fekk namnet Skålabu, og er meint å avlaste tårnet. I dispensasjonen står det mellom anna at ei ny hytte, i driftsfasen, ikkje skulle medføre auka motorferdsel. Søknaden frå Bergen turlag for den neste fireårsperioden er i tråd med dette vilkåret.

I sommar utførte BHT transporten jf. rammeløyvet, den 22. juni og rapporterte om seks hiv. Seinare sommaren 2017 var det ytterlegare trøng for flyging, så BHT søkte den 2. august og fekk løyve til 3 ytterlegare hiv. Tre dagar seinare vurderte BHT at tre hiv ikkje var nok, og søkte om tre turar til. Fordi nasjonalparkforvaltar var utilgjengeleg på ferie, var det Fylkesmannen i Sogn og Fjordane som gav løyve jf. delegeringsreglementet:

Nasjonalparkfortvaltaren viser til brev datert 4.8.2017, der Bergen og Hordaland Turlag er gitt løyve til å gjennomføre inntil tre turar/landingar på Skåla (Skålatarenet/Skålabu) i løpet av august 2017. Løyvet var basert på søknad pr. epost 2.8.17 frå Johnny Bjørge/BHT, og telefonsamtale 3.8.17, og talet på turar bestemt ut frå det som der kom fram av informasjon. Etter ny kontakt med Johnny Bjørge i dag har det kome fram tilleggsinformasjon som viser følgjande transportbehov: 1) Det trengst ein tur opp med mannskap som kan handtere toalettankane. Det er ikkje tillate å fly personar saman med hengande last, så dette må gjerast for seg (fordi helikopterløyvet ikkje gjeld i helgene, må det frivillige mannskapet gjere arbeidet etter arbeidstid, og da blir det knapt med dagslys til flyging/lossing dersom mannskapet må gå opp til fots). 2) Tøming av toalettankar skjer ved at fulle tankar blir floge ned, og så må nye, tome tankar flygast opp og setjast på plass. 3) På grunn av tyngda må veden truleg flygast opp i to vendingar. Saman med eitt hiv opp med proviant, blir dette til saman seks turar opp.



I samsvar med delegeringsfullmakt vedtek nasjonalparkforvaltaren, med heimel i punkt 4.3, andre strekpunkt i verneforskrifta, å gje Bergen og Hordaland Turlag løyve til å nytte helikopter til inntil seks vendingar med lågtflyging og landing på Skåla (Skålatarenet/Skålabu) i løpet av august 2017.

Rapport frå BHT v/ hytte- og rutesjef Johnny Bjørge vart sendt til forvaltninga den 18. august:
Omsider fikk vi gjennomført transporten i går 17.08.2017, i løyvet var det tillatt med 6 stk hiv. Vi hadde 4 hiv opp med ved, proviant, mannskap og tanker til toalettene og 3 hiv ned med toalettavfall og annet avfall.

I søknaden datert den 5. september 2017 underteikna hytte- og rutesjef Johnny Bjørge står følgjande:

Vi ser nå etter første sommersesongen at vi har et større behov for transport til Skåla med proviant, ved osv, i tillegg så flyr vi også ned avfall fra toalettene så dette blir behandlet av miljøservice på enn god måte.

Vi vil i framtiden ha behov for to transporter i året, sannsynlig vis en i mai og en i august/oktober.

I tidligere løyve har vi ikke tillatelse til å gjennomføre transporten i helger eller helligdager, ber om at nasjonalparkstyret vurderer dette på nytt.

1. Transporten er dugnadsbasert og er mer komplisert å få gjennomført i ukedagene da mannskapet er på jobb.
2. Transport til Skåla er krevende med tanke på været, det er mye dårlig vær og skodde på toppen som gjør at det kan gå dager/uker før vi klarer å gjennomføre, det er da viktig at vi kan fly når været tillater det.

Transport ca mai

Vil det være behov for ca 6 landinger opp med ved, proviant, mannskap og annet utstyr.

Transport ca august/oktober:

Vil det være behov for ca 6 landinger med ved, proviant, tanker til toalettene, i tillegg flyr vi ned avfallet fra toalettene.

Søker om løyve til 12 landinger i året fordelt fra mai til ut oktober, 2018 til 2022.

Denne søknaden blir sendt til Stryn kommune og Jostedalsbreen nasjonalparkstyret.

Vurdering

For informasjon om lovgrunnlag og generelle vurderinger, viser vi til tidlegare saksutgreiing i styresak 13/17.

For Bergen og Hordaland turlag er det tre årsakar til den fornya søknaden. Det første er at dei har behov for dobbelt så mange turar til Skåla enn løyvet frå april opnar for. Det andre er



at dei ønskjer å fly i helgane. Det tredje er at dei ønskjer å utvide transportperioden til å også kunne fly *ca august/oktober*.

Forvaltar vurderer det som uaktuelt å gje løyve til flyging på laurdagar, søndagar, heilagdagar og andre offentlege fridagar. Dette er ein hovudregel i nasjonalparken, og gjeld alle som får helikopterløyve. Årsaka er omsynet til friluftslivet, som er eitt av verneføremåla.

Å endre på flyperioden er den beste måten å kunne møte søknaden på, sett bort i frå at uroinga av friluftslivet blir noko meir spreidd ut i løpet av sesongen, frå ei periode til to, og såleis vil kunne treffe fleire menneske på tur. Dersom nasjonalparkstyret kan vedta å unnta særleg august, men også juni og juli, så vil færre bli påverka. Pr. dags dato har ikkje forvaltninga fått inn tal frå ferdselsteljaren på Skålastien for sesongen 2017, men tal frå 2016 syner at august var den mest populære månaden å gå denne turen, og då særleg på laurdagar. Sett bort i frå dagen med Skåla Opp den 13. august, hadde laurdag den 30. august i underkant av 700 passeringar og laurdag 3. august hadde 650 passeringar.

Forvaltaren forventar ei stor auke av gåande i år, samanlikna med i fjar, og utviklinga er forventa å auke dei neste åra. Motbakkeløpet Skåla Opp har løyve til å fly i august, men må nødvendigvis være før og etter arrangementet. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har pr. dags dato til vurdering ei samla omsøkt helikopterflyging til Skåla på 24 hiv pr år i rammeløyve. Den samla belastinga (nml § 10) av helikopterflyging over dette mest populære turmålet i nasjonalparken nærmar seg ei kritisk grense. Dataanalyse frå brukarundersøkinga vil også syne fram turgåarar si haldning til helikopter i nasjonalparken, men disse tala blir ikkje ferdig analysert før i mars 2018. Kunnskapsgrunnlaget (nml § 8) er likevel godt nok til å seie at summen av BHT sine omsøkte aktivitetar som meir helikopter, eit utvida tidsrom for helikopterflyging, samt flyging på laurdagar vil påverke verneføremålet negativt i Jostedalsbreen nasjonalpark.

Under byggeperioden flaug BHT 374 hiv med helikopteret innanfor vernegrensa til Jostedalsbreen. Det er ein naturleg konsekvens av eit byggeløyve i ein nasjonalpark. Det stod likevel i byggeløyvet til Skålabu, i vilkår nr. 6: *I driftsfasen av den nye sikringshytta skal nivået på motorferdsel ligge om lag på dagens nivå.*

Tidlegare har rammeløyvet til Skåla med ved, proviant og gass hatt 5 eller seks hiv med helikopter. Bergen og Hordaland turlag søkte i vinter for eit nytt fire-årig løyve og fekk 6 årlege turar, som omsøkt. Forvaltar vurderer at den no omsøkte doblinga av tal flygeløyve ikke er i tråd med styret sitt tidlegare vedtak om at motorferdsla i driftsfasen av Skålabu skulle ligge om lag på tidlegare nivå. Forvaltar foreslår likevel at to turar i tillegg til dei allereie seks turane kan definerast å være innanfor formuleringa «om lag på dagens nivå», jf. byggeløyvet.

Forvaltar vurderer at nasjonalparkstyret godt kan gi flygeløyve til Bergen og Hordaland turlag i perioden mai, samt oktober og november. Då er begge skuldersesongane dekka, og turlaget kan sjølv forvalte dei totalt åtte hiva som det skulle passe. Månadene juni, juli og august, som er dei mest besøkte månadene blir då fri frå støy frå helikopter. Dersom folk går til toppen for å ta i mot hiva, får dei også utnytta transportløyvet betre.

Bergen og Hordaland turlag kan i stor grad sjølv påverke tilstrøyminga av turgåarar til Skålabu. Til dømes så har ein drone-helikopterfilm av Skålabu (lagt ut 13. september) blitt distribuert av BHT på deira Facebook-side, og blitt vist meir enn 153 000 gonger. Den har 606 likes/tilsvarande, fått 90 kommentarar og blitt delt 58 gonger vidare. Kommentarane går i



stor grad ut på at folk «tagger» kvarandre og oppmodar til tur til Skålabu. Dette fører til særstak tilstrøyming. Til dømes så var det 90 overnattande på Skåla den første helga i september (det er 20 sengeplassar). Då hadde 30 allereie snudd og gått ned att fordi det ikkje var plass. Jf. NRK-oppslag den 15.10.17 hadde Skålabu nesten 2000 overnattingar så langt i 2017. Ut i frå oppslaget går det også fram at BHT skal begynne med eit bookingsystem på Skålabu.

Forvaltar vurderer det som positivt at folk får vite om Skåla via sosiale medier, men den massive marknadsføringa av staden bør ikkje være eit press mot nasjonalparkstyret for å utvide motorferdsela. Som eigar må BHT tilpasse drifta og marknadsføringa etter vilkåra i nasjonalparken.

Nasjonalparkstyret har for øvrig ikkje gitt løyve til motorisert ferdsle i samband med den nemte filminga. BHT la tidlegare i vår ut ein annan dronefilm som heller ikkje hadde blitt omsøkt. Då den vart fjerna etter to purringar var den sett av meir enn 25 000 menneske.



Arkivsaksnr: 2013/3607-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 23.10.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	31/17	30.10.2017

Jostedalsbreen nasjonalpark - vilkår om vinterstenging av Skålatårnet - Bergen og Hordaland turlag

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre avslår søknaden frå Bergen og Hordaland turlag om å halde Skålatårnet oppe for fyring og bruk heile året, med heimel i byggjeløyvet (styresak 22/15, 4. vilkår). Tårnet kan likevel nyttast til bruk og oppvarming i sommarmånadane juni, juli og august. I tillegg vil Jostedalsbreen nasjonalparkstyre konkretisere det 4. vilkåret i sak 22/15 med å låse av ytterdøra til Skålatårnet med hengelås frå september til og med mai, men å ha ein tilgjengeleg nøkkel i Skålabu i ei knusbar ramme, slik at ytterdøra på tårnet kan opnast i tilfelle naud.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Styresak 22/15 Jostedalsbreen nasjonalpark frå møte den 12.10.2015
- Purring på plan for stenging av tårnet datert 14.03.2017
- Anna e-postkorrespondanse mellom forvaltar og BHT
- Avtale om låsing av omnen på Skålatårnet, datert 19. mai 17
- Fleire orienteringar jf. protokollar til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
- Brev om oppfølging av avtaler, vilkår og verneforskrift datert 12.05.17
- Søknad om å nytte tårnet heile året datert 5. september 2017

Bakgrunn:

Bergen Turlag eig Skålatårnet, og fekk i 2015 løyve av nasjonalparkstyret til å byggje ei ny hytte ved sidan av tårnet. Bakgrunnen for løyvet til ny sikringshytte på Skåla var først og fremst ivaretaking av Skålatårnet som kulturminne, spesielt på vinterstid, og lovpålagt krav etter Plan- og bygningsloven å ha reservebyggverk som kan nyttast ved brann, gasslekkasje e.l. når eit overnattingstad ligg avsidesliggende til.



I saksutgreiinga frå byggesaka står mellom anna følgjande:

Tånet har om lag 23 sengeplasser og vert drive etter sjølvbetjent-konseptet, der folk må ordne seg sjølve – tenne på i omnen, hente snø til å smelte, lage mat og vaske ut hytta. Det er ikke booking, og barn og gamle har fortrinnsrett til seng, og det er ikke forventa at alle som ønsker skal kunne få ei seng å sove i høgsesongen. I følgje Bergen turlag skal også sikringshytta drivast etter same konsept. Tånet har ein særprega utsjänad og spektakulær plassering. Steinmurane i Skålataånet er 1,25 meter tjukke. Når folk kjem til hytta ønsker dei aller fleste å fyre opp i omnen, det blir elles fort kaldt heile året oppe i denne høgda. Med stadig oppvarming vert det danna mykje kondens inne i tånet. Snø og is på tak og veggar tinar også og murane får stadig tilført vatn som fryser. Frostsprenginga skaper sprekker i murane. Bergen turlag har gjort omfattande vedlikehald i fleire år, og ventar at det må fortsette dersom ei avlastingshytte ikkje vert realisert. Problemet har blitt større i seinare tid på grunn av ei solid auke i besøk og overnatting vinterstid som følgje av at mange går på topptur på ski. (...)

Denne saka inneheld også fleire spesielle behov som talar for bygging av ei sikringshytte. For det første at tånet ikkje bør brukast i vintersesongen grunna fare for frostsprenging i dei gamle veggane. For det andre at det mykje besøkte tånet ligg svært vêrhardt til, og at det er langt frå folk. Då heile taket og delar av muren blåste av vinteren 2003 var det heldigvis ingen menneske i tånet. (...)

Fordi ivaretaking av tånet er ein vesentleg årsak til byggjeløyvet, skal Bergen turlag vise fram ein plan/strategi for korleis dei tenkjer at tånet skal stengjast av i den kalde årstida (nml § 9). Det har vore omsnakka å anten låse ytterdøra på tånet, eller berre å hengje ei hengelås på omnsdøra inne på tånet. Uansett kva Bergen turlag konkluderer med, er det viktig at nøkkelen er tilgjengeleg i tilfelle krise i sikringshytta. Nasjonalparkforvaltninga ønsker likevel å understreke at sikringshytta ikkje automatisk skal føre til ei dobling av kapasiteten på overnattinga (nml § 10).

Konklusjon *Det er naudsynt med ei god sikringshytte på Skåla. Auken i tal turaarar både sommar og vinter er positivt for naturoppleving, folkehelse og lokalt næringsliv i Loen og Stryn. Nasjonalparkstyret har allereie tilrettelagt for auka bruk av området gjennom Skålasiene. Ei sikringshytte vil auke tryggleiken til turaarane og sikre tånet for skadar. To av tre verneføremål for Jostedalsbreen nasjonalpark er relevante i den overordna vurderinga; både hove til friluftsliv og ivaretaking av kulturminne.*

Heile saka ligg her:

<http://www.miljovedtaksregisteret.no/VedtakS%C3%B8k/VisSak?SakId=10154>

I styresaka 22/15 står følgjande i vilkår 4:

Bergen turlag skal lage ein plan for korleis Skålataånet skal stengjast av i den kalde årstida, og sende denne til nasjonalparkstyret. Tånet må likevel være tilgjengeleg som «sikringshytte» for sikringshytta i tilfelle brann eller liknande, og må såleis kunne opnast ved krise.

Om låsing av omnen

I Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sin protokoll frå møte 2/17 datert den 24. april 2017, under styresak 10, 3. punkt, står det følgjande:



Om vinterstenging av Skålatårnet, dialog med Bergen og Hordaland turlag.

Etter at byggjeløyvet til nye Skålbu vart gitt i november 2015 har vilkår nr. 4 om ein plan for vinterstenging av tåret ikkje vore oppfylt. Etter purring kom også dette som eit oppslag i Fjordingen. Under møte mellom forvaltar og Bergen og Hordaland turlag den 20. april 2017, blei den muntlege avtalen at turlaget sender ein plan til nasjonalparkstyret om låsing av vedomnen på Skålatårnet i den kalde årstida. Omnen kan nyttast til vedfyring mellom 20. juni (starten av skuleferien) og ut august, då det ikkje er stor fare for frysing og øydelegging i dei tjukke murane på tåret. Nasjonalparkstyret godkjente denne planen frå turlaget, og forventar at den kjem skriftleg ila kort tid. Styret forventa også at omnen blir låst snarast, jf. avtalen grunna auka bruk utover vårskisesesongen.

Den 23. april kom den skriftlege planen frå Bergen og Hordaland turlag (BHT) v/ hytte- og rutesjef gjeldande låsing av tåret, men då var datoane endra til 15. juni til 15. september. I e-post datert den 25. april skreiv hytte- og rutesjefen også har turlaget *ikkje* hadde planar om å låse av tåret før juni. For ordens skuld var første purring frå forvaltar til BHT om ein plan for vinterstenging av tåret den 11.10.2016.

I brev datert 12.05.17 til dagleg leiar i BHT, Helene Ødven, gav nasjonalparkstyret signalar om å følgje opp avtalane med BHT nøyne, grunna fleire uregelmessigheiter, også i andre løyve.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre forventar at omnen på Skålatårnet låsast av omgåande, og skal ikkje opnast att før den 20. juni. Vi vil ha melding når dette er gjort. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre forventar også oversending av den skriftlege planen for vinterstenging av tåret/omnen (og ei løysing for at den ev kan opnast opp om det er brann, gassutslepp eller liknande på Skålbu) med dei avtalte datoane 20. juni til 1. september kvart år, og at Bergen og Hordaland turlag føl denne avtala.

I brevet står vidare at *Dersom det kjem fram ytterlegare brot på vilkår i løyve, avtalar eller verneregler vil Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sende melding til politiet om dette.*

Nasjonalparkstyret og BHT vart så einige om å stenge omnen frå 1. september til 20. juni. BHT ønskja ikkje å låse av sjølve tåret, og forhandla seg fram til at det var nok å setje ein hengelås på omnen.

Følgjande står i avtalen:

Vi foreslår å sette lás på vedovnen i den kalde årstiden for å hindre vedfyring. Vi ønsker ikke å stenge døren på tåret da dette skal kunne benyttes som «sikringshytte» om det skulle skje noe med Skålbu. Tåret er også et lite «museum» som mange av turgåerene ønsker å få sett innvendig også. Det er ingen problem med at noen overnatter i tåret så lenge det ikke blir gjentatt oppvarming i den kalde årstiden.

Avtalen vart underteikna hytte- og rutesjefen den 19. mai 2017. Omnen vart låst den 20. mai, jf. tilbakemelding frå BHT, og fram til ca 20. juni, jf. avtalen. Den 4. september ringte BHT og sa at dei ikkje kunne låse omnen att likevel, jf. avtala, grunna for mange besökande. Helga 1. september hadde dei 90 overnattande gjester på Skåla, i Skålbu er det i utgangspunktet 20 sengeplassar. I tåret er det om lag det same.

Søknaden:



Bergen og Hordaland turlag søker Jostedalsbreen nasjonalparkstyre om å kunne nytte Skålatårnet og vedomnen der heile året. Søknaden er datert den 5. september 2017 og er underteikna hytte- og rutesjef Johnny Bjørge.

I følge vilkår nr 4 i løyvet om oppføring av Skålabu er det satt krav til at Bergen og Hordaland turlag lager en plan for stenging av Skålatårnet på den kalde årstiden for å hindre skader på murveggene i tårnet.

Viser til brev sendt 19 mai 2017, der vi tenker å låse av vedovnen fra 1 september til 20 juni.

Det er nå kommet inn nye momenter i denne saken som vi ber Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vurdere nøye og diskutere dette i neste styremøte 25 september.

Tidligere tenkte vi at det var nødvendig å hindre konstant vedfyring i Skålatårnet for å verne tårnet og murveggene, dette viser seg nå å ha motsatt virkning, pga lite/ingen vedfyring blir det lite luftsirkulasjon og opptørking, dette resulterer i mye fuktighet inne i tårnet, ovnen ruster, senger er våte/mygler osv.

Vi mener nå at tårnet forfaller raskere ved å hindre at det blir brukt.

De aller fleste gjestene som besøker Skåla velger å bo på Skålabu.

Vil med dette søke Jostedalsbreen nasjonalparkstyre om at Bergen og Hordaland turlag får tillatelse til å benytte Skålatårnet og vedovn hele året, tårnet skal også fungere som en sikringshytte i tilfelle det skulle skje noe med Skålabu.

For å få eit breiare kunnskapsgrunnlag i vurderinga av denne saka bad forvaltar den 22. september BHT om ein fagleg rapport, t.d. frå ein byggingeniør e.a. om fukt og andre potensielle tiltak i tårnet. For å underbygge viktigeita av ei slik uttale frå godt fagleg hald, skreiv forvaltar vidare at: *Heile premissset om bygging av Skålabu er bygget opp rundt ivaretaking av tårnet, då er dykkar søknad av prinsipiell karakter.*

I e-post frå hytte- og rutesjefen den 4.10 står følgjande: **Låsing av ovn i Skålatårnet:**
Når det gjelder låsing av ovnen så er de faglige vurderingen utført av meg, tilsynet og byggmester Bjørn Vike som er utførende og meget kompetent på problematikken, det vil ikke bli innhentet eksterne konsulenter for å gjøre dette det er bortkastet. Når det gjelder meg selv så er eg utdannet byggmester og har vært i bygge bransjen hele livet og tør påstå at dette er noe vi har god kunnskap om.

Det er vurdert å lage gode lufte «ventiler» i tårnet for å få til utluftning, men det er ikke lett 1843 moh, snøen trenger inn over alt, men dette jobber vi med men har PT ikke løsningen. Vi i Bergen og Hordaland turlag har meget stor interesse for å ta vare på tårnet, dette tårnet vil nok bli best ivaretatt ved å bli brukt, dette står litt om i søknaden.

Jamfør verneforskrifta for Jostedalsbreen kan nasjonalparkstyret stille vilkår i løyve som blir gitt etter punkt 1.3, slik som i denne saka. Kulturminne er også ein del av verneføremålet, jf. punkt III. For ytterlegare vurderingar kring lovgrunnlag vert det vist til tidlegare saksutgreiing.



Vurdering

Forvaltar bad om ytterlegare utgreiing om utfordringane kring fukt og problemer, men BHT vurderte at dei hadde nok kunnskap sjølv. I tida mellom avtalen var underteikna den 19. mai og til dei meldte i frå at dei ikkje kunne låse omnen var det gått 2,5 månad. Den same perioden har det vore veldig mange besökande til Skåla, og det var nesten 2000 overnattingar hittil i år. Bergen og Hordaland turlag har marknadsført Skåla tungt, noko som har bidrege til den store veksten av besökande(sjå elles sak om endra søknad om helikopterløyve til BHT).

Jostedalsbreen nasjonalpark har signalisert, i tidlegare styrediskusjonar, at avtalene med Bergen og Hordaland turlag skulle følgjast opp. Når turlaget no igjen har brote avtala om låsing av omnen, bør Jostedalsbreen nasjonalparkstyre melde dei for avtalebrot, jf. tidlegare åtvaringar.

Forvaltar vurderer tårnet bør få stå opne til bruk for folk på tur i sommarmånadane slik det alltid har gjort. Men fordi sjølve premissen i byggjeløyvet til Skålabu var å ta vare på kulturminnet Skålatarenet, hindre oppvarming/hedkjøling og frostsprenging i veggene, så bør ikkje Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gi løyve til å bruke tårnet heile året.

Jf. tidlegare forvaltningsmynde hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Tom Dybwad, var det ikkje slike problem med tårnet på -70 og -80-talet. Problema byrja då det vart ei auka bruk i den kalde årstida. Då får heller Jostedalsbreen nasjonalparkstyre konkretisere vilkår nr. 4 i byggjeløyvet endå meir, og seie at tårnet må ha hengelås på ytterdøra i året sine ni kaldaste månader. BHT bør tilpasse marknadsføringa av området til kapasiteten i Skålabu. Då kan nasjonalparkstyret ivareta verneverdiene kulturminne i verneforskrifta i enda større grad.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har heimel til å påleggje retting, jf. naturmangfaldlova si § 69, eller gjennomføre direkte, jf. naturmangfoldlova si § 71.



Arkivsaksnr: 2017/2023-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 23.10.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	32/17	30.10.2017

Jostedalsbreen nasjonalpark - storselet/turisthytta/ysteriet til G/bnr 17/3 Andersbruks

Innstilling frå forvaltar

Primær innstilling

I medhald av verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 1.3, første ledd, gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre med dette løyve til Anders Folven, til riving/gjenoppbygging av storselet til G/bnr 17/3, Anders-bruket, på Sunndalssetra i Stryn kommune. Løyve til riving/gjenoppbygging av bygget vert gitt på vilkår av at:

- Eit nytt storsel blir bygd identisk med eksisterande bygg, inkludert vindauge og dører.
- Eksisterande bygning blir fotografert frå alle vinklar på førehand og sendt til nasjonalparkforvaltaren.
- Alt rivingsmateriale skal fraktast ut av nasjonalparken og leverast til godkjent mottak.

Byggeløyvet for det omsøkte bygget gjeld til og med år 2019. Rapport og bilete vert sendt nasjonalparkforvaltaren ved avslutta prosjekt. Material skal lagrast forsvarleg. Søkjar må også innhente løyve til prosjektet etter anna lovverk. Løyve til motorferdsle kan omsøkjast separat.

Sekundær innstilling

I samsvar med verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 1.1, første ledd, gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre med dette avslag på løyve til Anders Folven, til riving/gjenoppbygging av storselet til G/bnr 17/3, Anders-bruket, på Sunndalssetra i Stryn kommune. Avslaget er gjeve fordi Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vurderer saka som ei nybyggingssak, då bygget er så därleg halde ved like at det må rivast før det kan byggjast opp att. Som eit heilt nytt bygg stiller nasjonalparkstyret strengare krav, og vurderer at turisthytta skjønnsmessig ikkje er i tråd med byggeskikken på staden.



Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Styresak 22/17 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre med saksprotokoll
- Innkomne innspel pr e-post frå Anders Folven i etterkant av styresak 22/17
- Søknad frå Anders Folven datert 24. mai 2017 med vedlegg i form av biletet, skisser, uttale frå handverkar, uttale frå E. Solheim og tilleggsopplysningar frå e-post.
- Samtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune v/ kulturminnerådgjevar Knut Åland
- Samtale med Stryn kommune v/byggesakshandsamar Borghild Guddal
- SEFRÅK www.fylkesatlas.no
- E-postkorrespondanse om detaljar kring søknaden.

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark
- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfoldlova)
- Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Skjøtselsplan for Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Jostedalsbreen nasjonalpark

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre fekk søknaden frå Anders Folven om tre bygg, uttak av torv til taktekking og helikopterferdsle til vurdering på sitt styremøte den 19. juni 2017.

Nasjonalparkstyret gav løyve i sak 22/17 til to bygg, uttak av torv til taktekking og helikopterferdsle, men ville ha ytterlegare saksutgreiing og innhenting av uttaler, slik at styret kunne få eit breiare kunnskapsgrunnlag å vurdere eventuelt løyve til det siste omsøkte bygget.

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 19.06.2017

Handsaming i møte

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vurderte saka om riving og gjenoppbygging av storselet som utfordrande, og ønskja meir informasjon og utgreiing før styret gjør vedtak om dette bygget. Utgreiinga til neste møte bør innehalde informasjon m.a. om styret sitt heimelsgrunnlag til å seie ja eller nei til nytt storsel, om styret har heimel til å krevje at storselet er ope for ålmenta, korleis tiltakshavar vil informere om utleigemogelegitetene og korleis tiltakshavar vil forplikte seg til utleige.

Endringsforslag frå Einar Målsnes: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre ønskjer eit breiare fagleg grunnlag å vurdere ev gjenoppbygging av Anders Folven sitt tredje bygg (storselet). Nasjonalparkstyret ønskjer innhenting av uttaler frå Fylkeskommunen og Sunndalssetra sameige, samt vente på avgjørda til Miljødirektoratet i DNT-hyttesaka. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve til både Anders-selet, Anders-fjøsen, torvuttak og helikopterferdsle i tråd med søknaden.

Samrøystes vedteke.

For all utgreiing kring lovgrunnlag, om søknaden og tidlegare vurderingar vert det vist til sak 22/17:

<http://www.miljovedtaksregisteret.no/VedtakS%C3%B8k/VisSak?SakId=26694>

Det står i forvaltningsplanen: *Privat hyttebygging (fritidshytter) i nasjonalparken vil*



ikkje bli tillate (...). Alle nybygg, utvidingar og vedlikehald skal vere i tradisjonell og lokal byggeskikk. Jf. plan- og bygningslova er dette definert som eit nytt bygg.

Både Sunndalssetra sameige og Sogn og Fjordane Fylkeskommune har, etter førre styremøte, blitt invitert til å komme med uttalar. Brevet til Sunndalssetra sameiget vart datert den 31. august og med påfølgjande purring den 4. oktober. Det har ikkje komme ei skriftleg uttale forvaltninga i hende. Pr. telefon uttrykkjer grunneigarar skepsis til at ein rettshavar får vurdert eit tredje bygg (fordi dei vurderer det som ei nybyggingssak), då det er privatsrettsleg normalt at ein rettshavar har eit sel og ein fjøs.

Fylkeskommunen v/kulturminnerådgjevar Knut I. Åland har også uttalt seg pr. telefon. Han vurderer den gamle turisthytta som ein del av landskapsbiletet på setrevollen, og at den, i likskap med turisthytter til dømes på Hardangervidda, syner fram utviklinga i turistnæringa i fjellheimen gjennom lengre tid.

Sidan Jostedalsbreen nasjonalparkstyre hadde denne saka til vurdering i juni-møtet har det også komme endeleg handsaming frå Miljødirektoratet i saka om DNT Oslo og omegn si søknad om nyetablering av to hytter på Sunndalssetra. Saka endte med endeleg avslag til hyttebygging, då Miljødirektoratet ikkje kunne sjå at nasjonalparkstyret hadde særleg grunn jf. forskrifa sitt punkt IV, 1.3 til å gje løyve til nybygg, samt av omsynet til villreinen i Rauddalen og føre-var-prinsippet.

Tiltakshavar har blitt bedt om å utgreie meir om planane for utleige og informasjon til ålmenta/lag/organisasjonar om hans ønske om å kunne tilby hytta for utleige. Han svarar: *Viser til min opprinnelige søknad ang planene for hytta. Jeg har således to ganger tidligere kommet med en invitasjon på dette uten at det har vært noen respons.*

Vurdering

Forvaltar vurderer at det i praksis vil bli særskilte vanskeleg å følgje opp om utleigar leiger ut eller ikkje, dersom styret ønskjer å pålegge tiltakshavar å leige ut. Tiltakshavar bur i ein annan del av landet. Forvaltar vurderer at Jostedalsbreen nasjonalparkstyre heller ikkje har heimel til å påleggje tiltakshavar å halde turisthytta oppe for ålmenta, då det er eit privat bygg. I tidlegare tilfelle der nasjonalparkstyret har pålagt hytteeigarar å halde eit bygg ope for ålmenta er til dømes Flatbrehytta, der offentlege mynde har gitt eit større beløp til vedlikehald og utviding. Med midlar kan ein setje krav. Forvaltar vurderer dette aktuelle storselet som i ei anna kategori.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre kan nytte sitt politiske skjønn til å seie ja eller nei. Forvaltar har difor laga to mogelege innstillingar. Heimelsgrunnlaget for å gje løyve er at nybygging av storselet er ein «særleg grunn», jf. kravet i verneforskrifta, fordi det stod der frå før. Eit nytt bygg på ein ny plass ville då være noko anna, jf. endeleg klagehandsaming i DNT-hyttesaka. Det hadde heller ikkje vore nokon sak, om tiltakshavar hadde vedlikeholdt selet. Det talar, på sitt vis, for å gje løyve. Heimelsgrunnlaget for å gje avslag er at storhytta ikkje er eit typisk stølshus på ein støl, at det er eit LNF-område og at søkjær ikkje sjølv driv landbruk. I tillegg har tiltakshavar kanskje «mista retten» til å ha eit annleis bygg i bygningsmiljøet når det ikkje har vore halde ved like? Forvaltar er i tilstrekkeleg grad usikker på om det blir lagt ut for tilgong for ålmenta, og eventuelt kor lenge det ligg tilgjengeleg for vandrarar, slik noko av



føremålet med bygget var då det vart bygd på førtitalet. Det står også i forvaltningsplanen frå 1994 at privat hyttebygging ikkje vil bli tillate.

ST 33/17 Eventuelt